

Til KS  
Att. Frode Mærli  
Boks 1378 Vika

0114 OSLO

KOMMUNENES SENTRALFORBUND
SAK/DOK. NR. 200301615-4
29 MAR 2004
ARKIV: L20
AVD: KONS SAKSB.: FM

Isdalstø 26.03.04

### ✓ Søknad om tilskott frå kommunale Geovekstmidlar.

Det blir vist til e-brev frå prosjektleiar Torbjørn Trageton i regionrådet sitt prosjekt: Felles tenesteyting/sakshandsaming etter plan- og bygningslova m.m. i region Nordhordland og Gulen av 2003-02-03 til KS sitt sekretariat for KS sine partsinteresser i Geovekst.


I brevet blei m.a. spurt om det kunne ytast tilskott frå overskottet av Geovekst-kommunane sine innbetalingar til drift av KS sitt Geovekstarbeid til utvikling av ein mal for interkommunal/kommunal geodataplan i form av kommunedelplan etter plan- og bygningslova.


Som resultat av førespurnaden engasjerte KS Torbjørn Trageton til å laga ei utgreiing av spørsmålet: Kommunale geodataplanar som del av plbl sitt plansystem. Utgreiinga blei levert 2003-08-11. Utgreiinga er handsama av KS sitt Geovekstforum. Tilbakemeldinga frå sekretær Torbjørn Paule og Frode Mærli i KS til Torbjørn Trageton er at utgreiinga greitt klargjer geodataplanen sin plass i plan- og bygningslova sitt planarkiv, og at KS vil kunna støtta utviklinga av nemnde mal økonomisk frå disponible midlar til geovekstarbeid. Med bakgrunn i dette søker Regionrådet Nordhordland IKS om økonomisk støtte på kr 50 000 frå KS (Geovekstmidlar) til utarbeiding av "Mal for kommunal geodataplan som kommunedelplan".

Prosjektet "Felles tenesteyting" vil deretter nytta malen ved utarbeiding av geodataplan for region Nordhordland og Gulen for 2005-2008, der ein og syner malen i konkret bruk på kommunalt nivå i eit interkommunalt samarbeid.

Til orientering opplyser vi at alle 8 kommunane som er omfatta av den regionale geodataplanen, er med i geovekstsamarbeidet.

Med helsing

  
Eilif Berntsen  
dagleg leiar og prosjektansvarleg

  
Torbjørn Trageton  
prosjektleiar

Regionrådet Nordhordland IKS  
Postboks 13  
5902 ISDALSTØ


(Referanse må oppgis)  
Vår referanse: 2003/01615-6  
Arkivkode: L20  
Saksbehandler: Frode Mærli  
Deres referanse:  
Dato: 25.06.2004

## Søknad om tilskudd fra kommunale Geovekstmidler

Det vises til Deres søknad til prosjektet: Felles tjenesteyting/saksbehandling etter plan og bygningsloven m.m.

Styret i Geovekst-kommune behandlet Deres søknad den 2004-06-08 om støtte til utarbeidelse av "Mal for kommunal geodataplan som kommunedelsplan" styret vedtok å støtte prosjektet med kr. 50.000,- det forventes at malen blir et produkt som KS og Geovekst-kommune kan benytte overfor sine medlemmer. Geovekst-kommune kommer tilbake til dette.

Vi imøteser en anmodning om oversendelse av midlene og et kontonummer.

  
Bjørn Gudbjørgrud  
direktør

  
Frode Mærli

Kopi:  
Geovekst-kommune v/Asbjørn Borge, Fredrikstad kommune